

Saneringsnytt nr 1-2006

- 2006, året med størst aktivitet hittil.
- Fokus på samarbeidsløysingar om kjeoppdrett, snapping, råmjølk.
- Gode resultat etter første prøvetakinga av årets kje.
- Sauene må også sanerast for CAE, byllesjuka og paratuberkulose
- Fra styringsgruppa

2006 er hittil det mest aktive året i prosjektet. 47 produsentar er i gang med saneringsarbeidet, og det er over 3500 geiter som skal erstattast med smittefrie. I 2005 vart det registrert 34 nye deltakarar. Ein del av desse var så heldige at dei hadde ingen geiter som fekk påvist smitte ved fyrste prøvetaking. Dei er det viktig å få med seg i det vidare arbeidet, då dei kan forsyne andre med friske kje. Men i år er dei fleste i gang med full utskifting av flokken. Mange av dei som gjer dette arbeidet no må samarbeide, då dei har felles beiteområde. Dette set sjølvstøtt større krav til planlegging. I fleire område er det felles kjeoppdrett. Det gjeld Telemark der tre produsentar samarbeider. I Underdalen i Sogn samarbeider fire produsentar. På Vestvågøy er tre saman om kjeoppdrett og snapping, og i Beiarn samarbeider åtte produsentar som til saman har over 800 geiter. I tillegg leverer mange naboar snappa kje, som f eks på Vestvågøy. Alle har hjelp av veterinær og rådgjevar. I Beiarn samlar rådgjevaren i desse dagar inn ekstra råmjølk etter kvart som behovet melder seg, då det vart snappa mange fleire kje enn det som var planlagt. På SørVestlandet er rådgjevaren sentral i arbeidet med fordeling av friske kje mellom produsentane som snappar.

Det er altså eit stort apparat som er i gang, og mange fleire enn dei 47 produsentane er i aktivitet.

Kva viser resultatata ved 1. prøvetaking av kjea i år?

Den fyrste prøvetakinga av årets fyrste kje har vist svært gode resultat. Av over 800 kje er det berre eitt kje som har fått påvist CAE i fyrste runde (før dei er 5 veker gamle), noko som viser at det blir gjort utruleg bra arbeid. I eit fjøs vart det oppdaga byllar på to nesten nyfødde tvillingar. Desse er truleg smitta på veg ut gjennom fødselsvegen, og det var god observasjonsevne som gjorde at desse vart plukka ut så tidleg. Desse tre kjea vart sjølvstøtt alle fjerna frå dei andre snappa kjea med ein gong det vart oppdaga.

Statistikken frå heile prosjektperioden viser at av 3600 kje som er testa like etter snapping, er det påvist CAE hjå 33. Det har vore gjort ein svært god jobb. Grunnen til at nokon har testa positivt har vi også i fleire tilfelle ei forklaring på.

Utvikling i produksjon hos åringar i sanerte og ikkje sanerte buskapar

Vi har samanlikna utvikling i produksjon og tørrstoff blant åringar i buskapen før og etter sanering, og mellom sanerte og ikkje sanerte buskapar. Tala er tekne frå geitekontrollen. Dette er foreløpige tal som det ikkje er rekna statistikk på. Vi vil koma tilbake med meir detaljert informasjon så snart vi har det klart. Dette gjeld også informasjon om helsedata.

Ikkje sanerte åringar	
År	Tal dyr
2 001	5027
2 002	6238
2 003	4577
2 004	4445

Åringar før og etter sanering	
år	tal dyr
2 år før	1 335
1 år før	699
Saneringsår	355
1 år etter	711
2 år etter	393

Gjennomsnittleg produksjon hos åringar i tre år før og to år etter sanering					
	mjølkkkg	feitt	protein	laktose	Sum tørrstoff
Snitt i tre år før sanering	479	3,8	2,9	4,1	10,8
Snitt i to år etter sanering	589	3,7	2,9	4,3	10,9

Gjennomsnittleg produksjon hos åringar i ikkje-sanerte buskapar i 2001 og 2002, og produksjonen i 2003 og 2004					
	mjølkkkg	feitt	protein	laktose	Sum tørrstoff
2001-2002	461	3,4	2,6	3,8	9,8
2003-2004	471	3,6	2,8	4,0	10,3

Differanse mellom sanerte og ikkje sanerte åringar						
	mjølkkkg	Feitt	protein	laktose	Sum tørrstoff	
Differanse mellom åringar før sanering og ikkje-sanerte åringar 2001-2002		18	0,4	0,3	0,3	0,9
Differanse mellom åringar etter sanering og ikkje-sanerte åringar 2003-2004		118	0,1	0,2	0,3	0,6

Sanering av sau

Prøver frå to sauer som vart obdusert før jul tyder på at det er forandringar i lunger som kan skuldast CAE-virus. Dersom dette er rett, stadfester det at CAE er ein sjukdom som også går på sau. Dermed er alle dei tre sjukdommane vi sanerer for, småfesjukdommar.

Ved sanering av geitene er det difor heilt nødvendig med saneringa av sauene som er i kontakt med geitene. Dette inneber i fyrste omgang prøvetaking, og heldigvis er ikkje alle sauer smitta.

Prosjektet har alt testa ein god del sauer, både for CAE, byllesjuka. Paratuberkulose-testing av sau vil også koma meir med etter kvart.

Så lenge den eine dyrearten ikkje er testa tilstrekkeleg, og vi ikkje kan seia at den er smittefri, må dyreartane skiljast i den tida saneringa pågår. Elles risikerer vi at dei smittar dei sanerte dyra. Korleis det skal gjerast i praksis vil veterinæren og prosjektet måtte vurdere i kvart tilfelle.

Fra Samarbeidsrådet helsetjenesten for geit / Styringsgruppa Friskere Geiter februar 2006

Av Liv Sølverød

Livdyrhandel.

Prosjektet vil veilede om smittestatus i forhold til Friskere Geiter på besetningsnivå.

Liste over besetninger som prosjektet har godkjent for livdyrsalg finnes på internett:

<http://leine.no/htg/sanering/info/salg/friske.pdf>

Prosjektet har ikke ansvar for vurdering av bruksmessige og kvalitetsmessige forhold på livdyr. Denne vurdering gjøres av attestutskrivende lokal veterinær.

Attestutskrivning og kliniske / bruksmessige vurderinger i forbindelse med livdyrhandel er lokal veterinærs ansvar i samarbeid med selger. Prosjektet har ikke økonomisk ansvar ved eventuelle handelstvister, det blir en sak mellom selger og kjøper.

Prisfastsetting livdyr bør skje i samsvar med veiledende priser som vil bli utarbeidet av NSG.

Import av geit og sau

Det blir importert sau og geit (mohairgeit og boergeit) uten at Koorimp (husdyrnæringas koordineringsenhet for smittebeskyttelse ved import) kontaktes på forhånd.

Koorimp har nå sporet importene.

Friskere Geiter har behov for å få disse importene under kontroll.

Prosjektdeltakere som alt har importert geiter / sauer kan søke om å få dem med i prosjektet.

Importerte småfe må oppstalles som egen besetning til de er testet i lang nok tid.

Anbefalinger for dette skal prosjekt Friskere Geiter avklare med Koorimp.

Dersom importerte småfe settes sammen med sanert besetning før de er testet tilstrekkelig, skal status på sanert besetning endres og prøvetaking intensiveres.

Ekastra arbeid, prøvetaking og analyse må dekkes av importøren.

Regelverket for Friskere Geiter vil nå bli endret slik at import og innkjøp av livdyr med lavere helsestatus kan unngås.

Prosjekt Friskere Geiter vil beskrive rutiner for sanering i besetninger som allerede har importert.

Finansiering av saueslaktning ved sanering

Det er behov for å få kontroll over sjukdommene CAE, byllesjuka og paratuberkulose både hos sau og geit. Det er sterkt ønskelig at både sau og geit saneres på lik linje.

Økonomisk støtte som er gitt til nå: 1100 kr pr sau som må slaktes, ut over 25% av antall vinterfora søyer.

Landbruksforvaltningen gir produksjonstillegg beregnet ut fra antall sau uavhengig av utslaktning før telledato i prosjektet. Prosjektet vil ta initiativ for å se på mulighetene for lik erstatning for både sau og geit.

Friskere Geiter blir mer og mer et ”småfe-prosjekt”, da vi har erfart underveis at vi ikke kan se disse dyreartene isolert fra hverandre.

Bruk av snappa bukker fra Friskere geiter-buskaper.

Overflødige bukkekje etter eliteparringer bør disponeres slik:

Prioritering:

1. Bukkekje til semin (hvis god nok avstamning)
2. Bukkekje til eget bruk
3. Bukkekje til andre besetninger som skal saner
4. Bukkekje til det gjenværende ringfelleskapet

Det kan bli svært god kontakt mellom dyr og røktar etter eit år med smittefritt oppdrett.

